

Saksbehandlar: Lena Merete Søderholm, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/1464-7

Tildeling frå Marint verdiskapingsfond 2019

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. To søknadar er vurderte som relevante i høve vilkåra i fondet, og hovudutval for næring og kultur innstiller på slik finansiering:

Prosjekt «Fysisk og digital møteplass for utvikling av lukka oppdrettsteknologi» med AkvaHub AS som søkjar vert tildelt kr. 470 000 i støtte frå Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane. Tilskotet vert gitt som bagatellmessig støtte.

Prosjekt «Prosjekt berekraftig oppdrett» med Måløy vidaregåande skule som søkjar får kr. 850 000 i støtte frå Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane.

2. Prosjekt «Nytt tanksystem (botn og forflytning av laks), landbasert oppdrett av laks» med søkjer Niri AS gjeld eit svært bedriftsretta prosjekt og i samråd med Innovasjon Norge er eit avslag sendt med oppmoding om å kontakte Innovasjon Norge for nærare dialog med tanke på finansiering.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp sakene.

Vedlegg:

1. Mal for evaluering av søknadar

Andre relevante dokument i saka:

- 1 Utfylte vurderingsskjema for dei registrerte søknadane
- 2 Vedtekter Marint verdiskapingsfond

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Marint verdiskapingsfond opna for finansiering av utviklingsprosjekt med søknadsfrist 1. mars 2019. Det kom inn tre søknadar innan tidsfristen. Desse er vurderte i høve innhald og kvalitet, og administrasjonen legg fram forslag til godkjenning av finansiering.

Historikk - tidlegare vedtak

Marint verdiskapingsfond vart oppretta i 2010 og er finansiert av midlar som vart overførte frå staten i samband med konsesjonstildelinga for nye løyve til akvakultur i 2009. Fondet var i utgangspunktet på 11 millionar kroner. Det har vore årlege tildelingar frå fondet. Vi har totalt 2 millionar kroner til delfinansiering av gode utviklingsprosjekt i 2019.

Kort om fondet

Marint verdiskapingsfond kan delfinansiere utviklingsprosjekt som bidreg til å legge til rette for ei meir berekraftig utvikling av akvakulturnæringa i fylket. Sekundært kan fondet også vurdere tiltak som kan bidra til å auke den marine verdiskapinga.

Tilskot frå Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane skal som hovudregel utgjere maksimalt 50 prosent av det samla kapitalbehovet for prosjektet. Både eigeninnsats og kapital må synleggjerast som eigenfinansiering.

Søkjjarar kan vere kommunar, næringsorganisasjonar eller næringsaktørar. Forpliktande samarbeid med andre aktørar vil styrkje søknaden. Utviklingsprosjektet må ha ei forankring i problemstillingar som er relevante for akvakulturnæringa i fylket, og ha ei hovudtyngd på aktørar i Sogn og Fjordane

2. Vurderingar og konsekvensar

Alle tre søknadane er vurdert ved hjelp av vurderingsmal som søkjarane var kjende med gjennom utlysinga. Denne kjem ut med to karakterskår: ein for relevans av prosjektet i høve vilkåra for fondet og ein for prosjektkvalitet. I tillegg vert det gjort vurderingar av totalinntrykket av søknaden. Vi har i tillegg hatt drøfting med Innovasjon Norge i samband søknad 2.

Søknad 1

Prosjekt: Fysisk og digital møteplass for utvikling av lukka oppdrettsteknologi

Søkjjer: AkvaHub AS v/Asbjørn Dyrkorn Løland

Søkjjer om kr. 520 000 over tre år.

Totalkostnad prosjekt over tre år er kr. 926 000.

Omsøkt beløp utgjer 56 % av prosjektet sin kostnad.

Kort omtale av søknaden: Etablere ein fysisk og digital møteplass for aktørar som planlegg eller er i ferd med å gjennomføre bygging av lukka landbasert eller lukka flytande oppdrettsanlegg. Prosjektet er ei oppfølging av ein tidlegare gjennomført workshop om lukka teknologi som er finansiert av fylkeskommunen i 2018. Prosjektet skal gå over tre år. Søkjjar vil gjennomføre minimum 2 workshops pr. år og utvikle ein digital infrastruktur der ein skal gjennomføre minimum 2 webinar pr. år samt samle relevant informasjon til nettverket. Vidare skal dei avklare modell for å sjølvfinansiere vidareføringa av møteplassen etter at prosjektet er slutført.

Vurdering av søknaden sin relevans: Søknaden er relevant, men vil auke sin relevans ved å sette konkrete mål for kva nettverket skal oppnå. Søkjjer er bede om å gje utfyllande opplysningar.

Vurdering av søknaden sin kvalitet: Søknaden var noko mangelfull på ein skilde punkt, og vi bad om å få ettersendt utfyllande informasjon om forankring av prosjektet, vidare drift av nettside etter prosjektslutt, risikovurdering samt ein oppdatert finansieringsplan der også eigeninnsatsen var med. Vi fekk tilfredsstillande informasjon tilbake frå søkjar.

Mål for nettverket er: 1) Etablere finansielt grunnlag for vidare drift av eit nettverk/møteplass for aktørar som er involvert i utvikling og eller bruk av lukka oppdrettsteknologi 2) Styrke samarbeidet mellom deltakarane ved at 3 eller fleire verksemder har inngått samarbeidsavtale med andre deltakarar relatert til lukka oppdrettsteknologi i løpet av prosjektperioden 3) Akselerere utviklinga av lukka oppdrettsteknologi ved å bidra til at minst 3 ulike lukka oppdrettskonsept vert realisert/etablert i Sogn og Fjordane i løpet av prosjektperioden.

Aducate AS vil eige nettsida og tek på seg delar (50 %) av utviklingskostnadane, samt all drift i prosjektperioden på 3 år. Etter prosjektperioden er det tenkt at drift og oppdatering skal bli finansiert via medlemskap.

Søknaden kjem ut med medium til låg skår på vurderingsmalen (snittskår 3,0) før tilleggsopplysningar var sendt inn, denne er monaleg høgare etter at tilleggsopplysningane er vurderte.

Førebels konklusjon: Søknaden er relevant, men vi ynskjer å redusere støtta til om lag 50 % totale prosjektkostnadar og foreslår at støtte prosjektet med kr. 470 000. Tilskotet vert gitt som bagatellmessig støtte. Bagatellmessig støtte er eitt unntak frå det generelle forbodet mot offentleg støtte i EØS-avtalen.

Det rettslege grunnlaget for tildeling av bagatellmessig støtte er gitt i forskrift av 14. november 2008 nr. 1213 om gjennomføring av EØS-reglar om unntak frå notifikasjonsplikt for enkelte former for offentlig støtte. Den nemnte forskrifta gjennomfører [Kommisjonsforordning \(EU\) nr. 1407/2013](#), publisert i EU-tidende den 24.12.2013(OJ L 352, 24.12.2013, s. 1-8).

For å kunne ta i mot bagatellmessig støtte, er det krav om at støttemottakar ikkje har mottatt meir enn 200 000 euro over en periode på tre rekneskapsår, jf. forordninga artikkel 3 andre punkt.

Søknad 2

Prosjekt: Nytt tanksystem (botn og forflytning av laks), landbasert oppdrett av laks

Søker: Niri AS v/Johan F. Aasen

Søker om kr. 2 000 000 over eitt år, uklart kor mykje eigenkapital det er i budsjettet.

Totalkostnad prosjekt er kr. 4 841 000.

Omsøkt beløp utgjer 41 % av totalkostnad.

Kort omtale av søknaden: Søker har mål om å utvikle ein testtank for landbasert produksjon av laks slik at dei kan vere konkurransedyktige i høve andre konkurrentar. Tanken skal teste ut to konsept: 1) Utvikle ein heilt ny, modulbasert botn for store tankar for landbasert oppdrett. Desse har tidlegare vore produsert i betong, men dei ynskjer no å produsere desse i glassfiber/polyester. Produksjonen vert flytta frå England til Måløy, og dei vil nytte lokale leverandørar i prosjektet. 2) Utvikle eit system inne i kvar tank som skal gjere det mogleg å flytte laksen frå tanken på eit skånsamt og stress-fritt sett for fisken.

Vurdering av søknaden sin relevans: Vi vurderer søknaden til å vere noko relevant i høve utlysinga, då den berre i mindre grad bidreg til å løyse ein flaskehals for næringa eller bransjen.

Vurdering av søknaden sin kvalitet: Måla er klare og enkle, og er heilt tydeleg innretta mot å auke bedrifta sitt konkurransefortrinn nasjonalt og internasjonalt. Kostnadsplanen skil ikkje mellom dei to hovudmåla i prosjektet, så det er vanskeleg å vurdere om det er samsvar mellom finansieringsplan og planlagde aktivitetar. Søknaden er mangelfull med ein generelt dårleg beskriving av metodikk og aktivitetar. Kritiske suksessfaktorar er ikkje gjort greie for, spesielt sett i forhold til storleiken på stønadsbeløpet det er søkt om. Det kjem heller ikkje fram i søknaden kva som er eigenkapital og eigeninnsats i form av arbeid.

Søknaden er svært bedriftsretta og vil kunne gje søker eit konkurransefortrinn, noko som vil vere problematisk for fylkeskommunen i høve til EØS-regelverket. Etter dialog med Innovasjon Norge (IN) har vi ein felles forståing om at søknaden er så bedriftsretta at den heller bør rettast mot IN sine finansieringsordningar. IN er allereie i dialog med søker om finansiering av andre, nærliggande prosjekt.

Konklusjon: Søknaden kjem ut med dårlegast skår på vurderingsmalen (snittskår 2,9). Sidan relevansen i høve til næringa sine utfordringar er usikker, samt at prosjektet er så bedriftsretta at den best kan takast vare på av Innovasjon Norge sine finansieringsordningar, kan vi ikkje prioritere søknaden. Vi har sendt søker avslag med oppmoding om å kontakte Innovasjon Norge for vidare oppfølging av planane. Innovasjon Norge er kjend med dette.

Søknad 3

Prosjekt: Prosjekt berekraftig oppdrett

Søker: Måløy vidaregåande skule v/Mona Bakke Svarstad

Søker om kr. 950 000 over to år.
 Totalkostnad prosjekt er kr. 1 900 000 over to år.
 Omsøkte beløp utgjør 52 % av prosjektet sin kostnad.

Kort omtale av søknaden: Prosjektet har som hovudmål å auke kompetansen på vidaregåande- og fagskulenivå om miljøutslepp og teknisk oppbygging av oppdrettsanlegg, for slik å kunne bidra til reduserte miljøutslepp og tal rømt fisk. Søknaden legg opp til fire produktmål:

1. Opplæringsprogram for miljøutslepp og miljøundersøkingar for lærarar, elevar ved VG2 Akvakultur og YSK-Akvakultur, samt studentar ved akvakulturfag på Fagskulen (Fagskulen jobbar med å kunne tilbyd fagskuleutdanning i akvakultur).
2. Opplæringsprogram for miljøutslepp og miljøundersøkingar for fagbrevkurs i akvakultur
3. Opplæringsprogram for teknisk oppbygging av anlegg med tanke på å hindre rømming av fisk, samt bruk av båt for lærarar, elevar ved VG2 Akvakultur og VG2 Maritime fag, studentar ved maritime og akvakulturfag ved Fagskulen.
4. Opplæringsprogram for teknisk oppbygging av anlegg med tanke på å hindre rømming av fisk, samt bruk av båt for fagbrevkurs i akvakultur eller bedriftstilpassa kurs.

Opplæringsprogramma skal utviklast i nært samarbeide med næringsaktørar. Prosjektet er forankra i Verdiskapingsplanen under delmål: Utvikle ei attraktiv fagutdanning i vidaregåande opplæring retta inn mot verdikjedene i sjømatnæringane.

Vurdering av søknaden sin relevans: Søknaden er vurdert å vere relevant i høve utlysinga, og tek mål av seg til å bidra til å løyse utfordringa med rekruttering til sjømatnæringa, spesielt innan akvakultur.

Vurdering av søknaden sin kvalitet: Søknaden har klare og konkrete mål, involverer ein brei og relevant partnerskap og bør vere godt rusta til å gjennomføre prosjektet. Det er viktig at ein i prosjektet å sikre god forankring av opplæringsprogramma i opplæringsavdelinga i fylkeskommunen. Budsjett og finansieringsplan er godt gjort greie for, og kostandene er kopla opp til hovudaktivitetar i prosjektet. Nokre beløp i finansieringsplanen er avhengig av positive vedtak i partnerskapen. Søknaden kjem ut med klart beste totalskår på vurderingsskjemaet (snittskår 3,7). Ein av hovudaktivitetane er innkjøp av relevant og enkelt utstyr til prøvetaking og miljøundersøkingar for elevar på Akvakultur og naturbruksfag. Lista er vurdert som relevant med eitt unnatak som vi ikkje vurderer som hensiktsmessig i denne omgang. Dette gjeld innkjøp av ein ROV/undervassdrone. Vi foreslår difor å redusere omsøkt stønadsbeløp med kr. 100 000.

Førebels konklusjon: Søknaden vert støtta med kr. 850 000.

3. Konklusjon

To søknadar er vurdert som relevante i høve vilkåra i fondet, og hovudutval for næring og kultur innstiller på slik finansiering:

Prosjekt «Fysisk og digital møteplass for utvikling av lukka oppdrettsteknologi» med AkvaHub AS som søker vert tildelt kr. 470 000 i støtte frå Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane. Det er gjort vurderingar i høve statsstøttereguleringa, og støtta vil bli gitt som bagatellmessig støtte.

Prosjekt «Prosjekt berekraftig oppdrett» med Måløy vidaregåande skule som søker får kr. 850 000 i støtte frå Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane.

Prosjekt «Nytt tanksystem (botn og forflytning av laks), landbasert oppdrett av laks» med søker Niri AS gjeld eit svært bedriftsretta prosjekt og i samråd med Innovasjon Norge er eit avslag er sendt med oppmoding om å kontakte Innovasjon Norge for nærare dialog med tanke på finansiering.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp saka.